

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/13203 - 20/49094

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
12.08.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 305/16 Fløksand

Tiltak: Tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 305/16
Tiltakshavar: Halvard Fløysand
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.07.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om tilbygg men administrasjon meiner at det er søkt om separat einebustad i rekke i tilknytning til eksisterande bustad på gbnr 305/16. I dette tilfelle skal det stettast krav til etablering av ny bustad på eigedommen (m.a. parkering, uteopphaldsareal etc).
2. Planstatus for eigedommen er LNF-spreidd bustad, Det er ikkje tillat med etablering av bustad nr.2 i LNF-spreidd bustad område jfr. Kommuneplanen. Tiltaket krev dispensasjon frå planføremaal.
3. Viss det kunne definerast som tilbygg er det ikkje tillat med tilbygg med bruksareal på over 100 m² jfr. Pkt. 3.2.1 i kommuneplanen for Meland kommune. Det er søkt om tilbygg med bruksareal på ca. 116 m² (sjå følgjebrev frå rørleggjar). Tiltaket skulle krevje dispensasjon frå planføresegnar sjølv om det var tilbygg.
4. Det skal søkjast om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg til samferdsel -,veg- ,vass- og avlaup avd.
5. Det skal søkjast om tilkopling av ny bueining til kommunalt vatn til samferdsel-,veg-, vass- og avlaup avd.
6. Det skal lagast tilstandsrapport for eksisterande slamavskiljar i påventing at kommunalt avløpsanlegg er etablert i område.
7. Det skal søkjast til Miljø og tilsyn avd. om utvida utsleppsløyve for ny bueining.
8. Det må leggjast ved opplysningar om ytre rammer med både oppgjeve BRA bruksareal og BYA bygd areal.

9. Det skal leggjast ved bustadspesifikasjon av tiltaket i matrikkelen.
10. Søkjar nemner fritak frå TEK i tilknytning til tilbygg, vi ber om å definere dette betre. Kva pkt. i TEK søkjast det fritak og kva er grunngjeving? Ved etablering av ny bustad må krav til TEK 17 stettast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.09.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Halvard Fløysand	Fløksand 47	5918	FREKHAUG
------------------	-------------	------	----------

Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------